



Norske Felleskjøp SA

# Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2020/2021

21. september 2020

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og tilrådingar om nødvendig import av råvarer. Prognosar er grunnlaget for gjennomføringa av desse tiltaka og tilrådingane.

## Tilgangsprognose

Prognosert tilgang til industrien pr. september byggjer på arealprognosen pr. august, oppdaterte estimat for avlingar pr. dekar korrigert for korn som går til såkorn/leigemaling og prognosert andel matkorn for kveite og rug. Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgang av norsk korn til matmjøl- og kraftfôrindustrien for sesongen 2020/2021:

### Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2015-19	Tilgang 2019	Prognose 2020	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	162 200	205 800	<b>255 000</b>	157 %	124 %
Fôrkveite	178 500	224 000	<b>109 000</b>	61 %	49 %
Kveite i alt	340 700	429 700	<b>364 000</b>	107 %	85 %
Matrug	17 300	13 200	<b>14 000</b>	81 %	106 %
Fôrrug/rugkveite	22 200	37 500	<b>41 000</b>	185 %	109 %
Rug i alt	39 500	50 700	<b>54 000</b>	137 %	107 %
Bygg	515 000	540 100	<b>526 000</b>	102 %	97 %
Havre	248 600	218 200	<b>268 000</b>	108 %	123 %
Korn totalt	1 143 800	1 238 800	<b>1 212 000</b>	106 %	98 %
Erter	3 900	4 200	<b>3 000</b>	77 %	71 %
Oljefrø, åkerbønner	11 000	15 700	<b>11 000</b>	100 %	70 %
Korn, erter, oljefrø	1 158 700	1 258 700	<b>1 226 000</b>	106 %	97 %
Matandel kveite	48 %	48 %	<b>70 %</b>		
Matandel rug/rugkveite	44 %	26 %	<b>26 %</b>		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier ein tilgang av korn som er 48 000 tonn høgare enn prognosert i august. Tilgangen tilseier avlingar over eit normalår. Det ligg til rette for høgare matandel enn normalt i kveiten i år. Matandelen i rug er sterkt påverka av stor andel rugkveite.

## Prognose for avling i kg pr. dekar

Avdelingar i Norsk Landbruksrådgiving har vurdert avlinga og gitt innspel pr. 17.09.2020. Rådgjevarane har for nokre regionar gitt kommentarar til avlingsvurderingane:

### **Norsk Landbruksrådgiving Øst, Øsaker:**

«Forsommertørken i juni har satt preg på mye av avlingen på vårkornet. Mye etterrenning i spesielt bygg og vårhvete. Havren har klart seg mye bedre og ligger på nivå med fjoråret.

Litt ujamne avlinger av vårraps, helt fra dårlig avlinger på tørkeutsatt jord til store avlinger på mer tørkesterk jord. Andelen høstoljevekster er større en tidligere og avlingene er her svært gode. De tidlige åkerbønnesortene taklet forsommertørken svært dårlig og ga svært lave avlinger.

Det har vært svært gode innhøstingsforhold og kvaliteten på kornet er bra.»

### **Norsk Landbruksrådgiving Øst, Hvam:**

«Mesteparten av kornavlinga i Akershus er nå høstet. Fint høstvær har gitt gode høstingsforhold, og korn med god kvalitet. Det har vært en god del etterrenning på tørkeutsatte areal, men etterrenningen har modnes og har bidratt til avlinga. Høstkornavlingene er moderate på grunn av dårlige forhold for etablering i fjor.

Det er høstet lite vårraps så langt, så her er avlingsanslaget usikre. Høstrapsavlingene var veldig gode. Åkerbønner tålte forsommertørken veldig dårlig, spesielt de tidlige sortene.»

### **Norsk Landbruksrådgiving Østafjells (Buskerud og Telemark):**

«Det er gjennomgående et godt kornår. Stedvis meldes om svært gode avlinger, men mange melder også om skuffelse over svært frodige åkre som har gitt moderat avling. Den vegetative veksten har da vært kraftig i forhold til kornmengden åkeren har båret frem. Det er stor variasjon mellom distrikter og såtider på hvor godt kornår det har blitt. De fleste er ferdige å treske, eller har kun en mindre andel igjen etter meget gode innhøstingsforhold.»

### **Norsk Landbruksrådgiving Øst, Roverud:**

«Tidligere i sesongen observerte jeg en del aborterte korn i havreåkere, men det ser ikke ut til å ha hatt den fullt så negative effekten som tidligere antatt. Årets vekstsesong er en slående kontrast til fjoråret. Sein vårronn og vanskelige innhøstingsforhold førte til at det i fjor ble det stående en del havre som aldri ble tresket. I mitt område var dette spesielt tydelig i Nord-Odal og Åsnes/Våler. I år meldes det om flotte treskeforhold og gode avlinger.»

### **Norsk Landbruksrådgiving Innlandet, Blæstad:**

«Bygg: Sesongen har vært nær ideell: Tørre fine vårronnforhold og innhøstingsforhold. Mye ble sådd rekordtidlig og dro nytte av en kjølig mai. Regnværet i juli berget de som sådde sist. Tørre avlinger med god kvalitet er en gjennomgangstone hos de vi snakker med. Så godt som hele arealet er høstet i Innlandet.

Hvete: Høsthveten har gitt normalavling. De fleste vårhveteåkrer har gitt lavere avling enn bygg, men hos noen har vårhveten toppet avlingene på garden.

Rug og rughvete: Et lite areal av disse artene i år.

*Havre: Mye havre ble sådd i siste del av april og litt inn i mai. Har ikke dratt like mye nytte av sesongens vekstforhold. Mye havre har også hatt svært mye etterrenning. Likevel er den modnet på naturlig vis og arealet er i all hovedsak ferdighøstet.*

*Åkerbønner: Lavere avling enn det vi har oppnådd tidligere. Lite areal*

*Erter: Fine forhold for erter også i år og avlinger mellom anslagene i havre og vårhvete.»*

### **Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Sør):**

*«Det er høstet svært liten andel av årets korn til nå, og foreløpig er det de tynneste og tidligste april-sådde åkrene som er tatt. Det står en god del frodige åkre igjen med bra avlingspotensiale. Sesongen 2020 med sein våronn, tørke i juni og jevnt med nedbør etter det, har gitt en stor porsjon etterrenning med grønn "toppetasje". Det er derfor ikke bare treskevær vi venter på nå, men også modning. Noen av åkrene vil nok bli tvangsmodnet med glyfosat etter Mattilsynets dispensasjon. Med så stor andel av avlinga stående igjen på rot, er det knyttet stor usikkerhet til sesongens avling som til slutt kommer i hus. Noe vil ikke bli tilstrekkelig ferdig og noe vil bli overmodent og kanskje værskadd. Trøndersk høstvær kan gjøre det spennende om vi klarer å berge alt som nå står ute, i alle fall med god kvalitet. Med mye godt vær, kan det også gå ganske bra.»*

### **Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Nord):**

*«Det er framleis veldig mye korn ute og vi treng sårt å få sol og vind. Men det meste står enno. Dei som har trøska er ganske godt tilfreds med avlingane.»*

## **Prognose for avling pr. dekar**

Tabellen under viser historiske avlinger pr. dekar og prognosert avlingsnivå:


### **Avling, kg/dekar**

Kornslag	2015	2016	2017	2018	2019	Ti års snitt	Prognose 2020	I forhold til 2019	I forhold til ti års snitt
Kveite	574	465	531	236	560	450	515	92 %	114 %
Rug	635	509	598	238	552	473	557	101 %	118 %
Bygg	414	465	462	300	442	390	442	100 %	113 %
Havre	452	473	424	226	425	378	438	103 %	116 %
<b>Totalt korn</b>	479	468	478	267	477	406	465	97 %	114 %
Oljefrø, åkerbønner	245	229	298	133	317	215	215	68 %	100 %


## **Kvalitet på matkveite**

Tidlege tal basert på avrekna korn pr. 17.9.2020 viser eit proteininnhald litt over fjoråret, så langt med 13,4 %.. Jf tabell nedanfor.

Det er så langt registrert lite DON i kornet. Analyseresultat frå kornhandlarane er mest tal for havre, som også er mest utsett. Figuren under viser hovudtrekka for havre:



Det er med andre ord observert lite DON i norsk korn i år, men det er noko fleire analysar med påvist innhald av DON. Figurane under viser andel havreanalysar med dei lavaste DON-tala år for år:



## Klassefordeling av matkveite

Det er vanskeleg å gi god prognose for fordelinga mellom kvalitetsklassane i matkveite før ein har gode avrekningstal for både haust- og vårkveite. Basert på fordelinga av avrekna korn pr. 17.09.2020 og korrigert for erfart endring gjennom sesongen, får vi følgjande klassefordeling:

### Fordeling av matkveiten (tonn)

	Tilgang ny matkveite	Klassefordeling ny avling	Overlagra	Tilgang i alt	Fordeling i alt	Prognosert august, i alt	Protein-%
Klasse 1	79 000	31 %	15 400	94 400	35 %	33 %	13,9 %
Klasse 2	17 000	7 %		17 000	6 %	8 %	14,2 %
Klasse 3	73 000	29 %		73 000	27 %	20 %	13,7 %
Klasse 4	24 000	9 %		24 000	9 %	16 %	12,9 %
Klasse 5	60 000	24 %		60 000	22 %	24 %	12,5 %
I alt	253 000	100 %	15 400	268 400	100 %	100 %	13,4 %

## Forbruksprognose

### Foredling av matkorn i Norge

Prognosen for totalt forbruk av matkorn hos norske matmjølmøller er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med juli i år. Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose for perioden august 2020 – september 2021. Med bakgrunn i koronaepidemien vurderer matmjølmøllene at nedgangen i forbruk av matkveite vil stabilisere seg på forbruksnivået i 2019/20.

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020*	265 832	18 786	3 060	40 964	328 642
Prognose 20/21	265 800	17 200	3 300	41 900	328 200
Endring	0,0 %	-8,4 %	7,8 %	2,3 %	-0,1 %


(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

## Produksjon av kraftfôr

Forbruksprognosane for kraftfôr baserer seg på statistikk for omsetning av kraftfôr og leveransar av husdyrprodukt til og med 2. kvartal i år, som i augustprognosen. Ny prognose for kraftfôr er oppdatert mot nye prognosar for produksjon av mjølk, kjøtt og egg.

Tine ventar høgare mjølkeleveransar enn lagt til grunn i august. Tilgangen i 2021 er venta å bli høgare i første halvdel av 2021, men går under forventa leveranse i 2020 frå andre halvår 2021:

## Landsprognose for leveranse av kumjøl



Avdråten pr. ku vil vere høg i resten av 2020 og fram mot hausten 2021. Grovfôrsituasjonen er stort sett god. Reduserte kvoter vil først og fremst slå inn frå hausten 2021. Desse forholda tilseier etter vår vurdering samla sett at forbruket av kraftfôr pr. kg mjøl ikkje vil gå ned i 2020/2021 i forhold til 2019/2020.

Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i år og til og med 3. kvartal neste år er prognosert under:

Kraftfôrømsætning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	1 966 973
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20*	1 023 000	464 000	480 000	16 900	1 983 900
<b>Prognose 20-21</b>	<b>1 081 000</b>	<b>453 000</b>	<b>483 000</b>	<b>17 000</b>	<b>2 034 000</b>
Endring	5,7 %	-2,4 %	0,6 %	0,6 %	2,5 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

## Fordeling av tilgangen av norsk korn

I prognosen er det føresatt at eit overskott av klasse 5 vil bli omdisponert til fôr. Tabellen under gir oversikt over den forventa fordelinga av det norske kornet i sesongen.

### Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Mat- kveite	Matrug	Fôr- kveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra frå sesongen før	15 000	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	255 000	14 000	109 000	41 000	526 000	268 000	944 000
Matkorn til fôr/fôrkorn til mat	-3 000		3 000		-3 000	-39 000	-39 000
-Omdisponering matkorn	-49 000		49 000				49 000
Tilgjengeleg	218 000	14 000	161 000	41 000	523 000	229 000	954 000

## Behov for supplering via import

Denne prognosen er ikkje grunnlag for tilrådingar om suppleringsimport, men den endra balansen påverkar dette forholdet, illustrert under.

## Karbohydratråvarer

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)	
<b>Forbruk</b>	
Kraftfôrsal	2 034 000
Andel karbohydratråvare	71,0 %
Behov karbohydratråvarer	1 444 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller	54 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr	1 390 000
Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)	
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)	1 393 000
Rom for norsk fôrkorn	1 144 000
Prognosert forbruk av norsk fôrkorn	954 000
Bruk av norsk korn til kraftfôr korrigert **)	-944 000
<b>Underdekning av karbohydratråvare totalt</b>	<b>449 000</b>

\*) Importert karbo ikkje brukt i kraftfôr 3 000 tonn      \*\*) Svinn 1,0 %

## Matkorn

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	265 800	17 200	3 300	41 900	328 200
Norsk matkorn	218 000	14 000	3 300	38 900	274 200
Underdekning matkorn	47 800	3 200	0	3 000	54 000
Andel norsk	82 %	81 %	100 %	93 %	84 %

Andelen norsk matkveite er høg – fordelinga i prognosen tilseier at 51 % av forbruket av norsk matkveite vil vere klasse 1 og 2, 33 % klasse 3 og 16 % klasse 4 og 5. I forbruket ligg 15 000 tonn proteinsterk klasse 1 frå sesongen 2019/20.

## VEDLEGG

### Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Førkveite	Total	Matrug	Førrug og rugkveite	Total rug/ rugkveite
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	218 538	152 437	370 976	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 774	223 960	429 734	13 200	37 534	50 735
13. august	209 000	145 000	354 000	17 000	34 000	51 000
<b>Prognose</b>	<b>255 000</b>	<b>109 000</b>	<b>364 000</b>	<b>14 000</b>	<b>41 000</b>	<b>54 000</b>

### Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rug-kveite <sup>1)</sup>
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	540 141	218 183	1 238 793	4 222	15 667	26 820
13. august	506 000	253 000	1 164 000	3 000	11 000	
<b>Prognose</b>	<b>526 000</b>	<b>268 000</b>	<b>1 212 000</b>	<b>3 000</b>	<b>11 000</b>	<b>-</b>

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Bli rekna som førrug i statistikk og prognose